

PROTOKOLL
Forhandlingsutvalet

Møte: 02/2015
Tid: Onsdag 27. mai kl. 12:00 – 16:00
Stad: Frekhaug Folkehøgskole

Til stades:

Kommune	Austrheim	Fedje	Gulen	Lindås	Masfjorden
Ordfører	Per Lerøy	Kristin Handeland	Hallvard Oppedal		Karstein Totland
Vara-ordfører	Helge Dyrkolbotn	Roy Asle Tungland	Arve Harald Mjømen	May Eva Sandvik	Marit Steinestø
Politikar	Ernst Stellberg	Terje Storemark	Bjarte Undertun	Nina Bognøy	Arthur Sjursen
Rådmann	Jan Olav Osen	Vidar Bråthen	Mona Molland vara for rådm.		Svein Helge Hofslundsengen
Kommune	Meland	Modalen	Radøy	Solund	
Ordfører	Nils Marton Aadland		Jon Askeland	Ole Gunnar Krakhellen	
Vara-ordfører	Sigmund Larsen vara for Lars Barstad	Kristin Nåmdal	Ann Christin Hoen	John Kåre Larsen	
Politikar	Anne Grete Eide vara for Rolf Hansen	Gisle Heimly	Kenneth Taule Murberg	Tom Færøy	
Rådmann	Ingvild Hjelmteit	Øivind Olsnes	Jarle Landås	Erik Askeland	
NUI:	Bent Gunnar Næss, Rune Heradstveit				
Andre:	Ole Bakkebø - Fylkesmannen, Victor Ebbesvik – KS, Åsbjørn Vetti – KS Konsulent				

Sak 09/15	Godkjenning, møteinnkalling og sakliste Møteinnkalling og sakliste vart godkjent utan merknadar.
Sak 10/15	Godkjenning av møteprotokoll frå sist møte Jon Askeland gjekk kort gjennom møteprotokollen frå sist møte. Møteprotokollen frå møte 16.04.15 – møte nr 1 vart godkjent utan merknad.
Sak 11/15	Positive og negative effektar som ei kommunesamanslåing med ein eller fleire kommunar kan gje for innbyggjar og næringsliv i dykkar kommune Åsbjørn Vetti frå KS konsulent leia forsamlinga gjennom denne saka. Det var delt inn i grupper med 6 – 8 personar i kvar gruppe. Gruppene vart «spreidd» mest mogeleg på tvers av kommunar og roller. Vetti hadde ein kort introduksjon der han raskt gikk gjennom dei 10 kriteria for kommunestruktur frå ekspertutvalet. Metoden som vart nytta: Det vart jobba i to sesjonar med ulike tema. Kvar gruppe fikk utdelt flippoverark og tusjar.

	<p>Gruppene fikk i oppdrag å dele arket i to - sterke og svake sider med å slå seg saman med ein eller fleire kommunar. Det vart også mogeleg å setje initialar dersom eit punkt ikkje gjeld alle: Solund = So, Gulen = Gu, Masfjorden = Ma, Modalen = Mo, Fedje = Fe, Austrheim = Au, Radøy = Ra, Meland = Me, Lindås = Li.</p> <p>Gruppene jobba om lag 35 minutt med temaet. Kvar gruppe fikk presentere to moment i plenum. Fyrst sterke sider, så svake sider. Det var også ein open runde til slutt.</p> <p>Alt som vart skreve opp vil bli samanfatta i eit eige notat.</p> <p>Sesjon I: Her vart det jobba med med følgjande kriterier frå ekspertutvalet:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1) Tilstreккеleg kapasitet 2) Relevant kompetanse 4) Effektiv tenesteproduksjon <p>Overskrifta for desse kriteria var «Tenester».</p> <p>Sesjon II: Her vart det jobba med med følgjande kriterie frå ekspertutvalet:</p> <ol style="list-style-type: none"> 7) Funksjonelle samfunnsutviklingsområde 8) Høg politisk deltaking 9) Lokal politistarstyring 10) Lokal identitet <p>Overskrifta for desse kriteria var «Samfunnsutvikling og demokrati».</p>
<p>Sak 12/15</p>	<p>Innbyggjardialog</p> <p>Ordførar i Gulen – Hallvard Oppedal informerte kort om deira arbeid med innbyggjardialog:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Dei gjennomfører fire folkemøte i kommunen <ul style="list-style-type: none"> ○ Godt frammøte og stort engasjement ○ Vert laga referat som vert lagt ut på heimesida • Har høyrte med elevrådet kva dei meiner • Vil gjennomføre ei spørjeundersøking – 200 personar på telefon i starten av juni <p>Oppfattar det som veldig positivt med folkemøta og det har vore stort engasjement.</p> <p>Åsbjørn Vetti innleia deretter kort om kva vi veit om verdien av innbyggjardialog i kommunesamanslåingsprosessar.</p> <p>Alle gruppene fikk delt ut dei åtte metodane som var sendt ut på førehand. Dei åtte metodane var:</p> <ol style="list-style-type: none"> A. Folkeavstemming B. Opinionsundersøking – spørjeundersøking C. Utvida folkehøyring og søkekonferanse D. Fokusgrupper E. Høyring F. Referansegrupper og innbyggjarpanel G. Folkemøte H. Gjestebod <p>Kvar einskild i kvar gruppe trekte ut ein av metodane og førebudde eit innlegg i løpet av fem minutt. Kvar einskild fekk i oppgåve å tilrå metoden overfor gruppa ved på maks to minutt fortelje om metoden.</p> <p>Når alle metodane var presentert, drøfta gruppa følgjande spørsmål: Korleis vil vi leggje opp innbyggjardialogen framover.</p> <p>Her vart det drøfta kva for ein metode som vil eigne seg. Dette vart samanfatta på eige ark frå kvar gruppe og vil bli tatt med i eit eige notat.</p> <p>Dette vart samanfatta på eige ark frå kvar gruppe og er samanfatta i tabellen under.</p>

Type metode	Gr 1	Gr 2	Gr 3	Gr 4	Gr 5
A. Folkeavstemming				X	X
B. Opinionsundersøking – spørjeundersøking	X	X	X	X	X
C. Utvida folkehøyring og søkekonferanse					
D. Fokusgrupper	X	X		X	
E. Høyring	X				
F. Referansegrupper og innbyggjarpanel					X
G. Folkemøte	X	X	X	X	X
H. Gjestebod					
I. Andre moment		Dialog, sosiale media, heimesida			

Under diskusjonen og presentasjonen kom det fram at alle såg behov for å få gjennomført ei spørjeundersøking i eigen kommune for å få fram korleis innbyggjarane ser på eventuell kommunesamanslåing. Det var også einighet om at det ville vere ein styrke om undersøkinga vert samordna mellom kommunane. Det vert undersøkt med Gulen om ein eventuelt kan ta utgangspunkt i deira planlagde spørjeundersøking.

Vedtak:

Arbeidsutvalet får i oppdrag å sjå på om det kan gjennomførast ei felles spørjeundersøking der alle kommunane deltek.

Kvar kommune må vurdere kva andre former for innbyggjardialog dei vil gjennomføre.

Sak 13/15

To representantar frå tillitsvalde i Nordhordland som observatørar i forhandlingsutvalet

For å sikre at ein har god dialog med dei tillitsvalde og at dei har fullt innsyn i dei prosessane som er, så vil det vere naturleg at ein inviterer to representantar frå dei tillitsvalde i regionen til å delta som observatørar i forhandlingsutvalet. Det har også kome fram ønskje frå dei tillitsvalde om å få delta.

I kommunestyret i Lindås i samband med oppnemning av personar til forhandlingsutvalet vart det gjort ein protokolltilførsel.

Felles protokolltilførsel:

Kommunestyret bed gruppa "forhandlingsutval" finna ei løysing som sikrar samla sett ei breiast mulig representasjon.

Vedtak:

Forhandlingsutvalet vedtok å invitere to representantar frå dei tillitsvalde til å vere observatørar i forhandlingsutvalet. Desse vil også ha talerett.

Forhandlingsutvalet viser til protokolltilførsel frå kommunestyret i Lindås kommune. Forhandlingsutvalet meiner at med tre politikarar frå kvar kommune, så er det god representasjon i forhandlingsutvalet.

Sak 14/15

Oppsummering og tema på neste møte

Leiar i forhandlingsutvalet Jon Askeland hadde ein oppsummering av møtet.

I tillegg til sjølve referatet vil det kome ei oppsummering av gruppene sitt arbeid. Med bakgrunn i dette arbeidet og tidlegare notat om tema for møtene, fekk arbeidsutvalet i oppdrag å utarbeide tema/saksliste til neste møte i forhandlingsutvalet.

Kvar einskild må gjerne kome med innspel om tema/spørsmål til arbeidsutvalet/prosjektleiar.

Neste møte er torsdag 25. juni kl. 15.00 – til ca. kl. 20.00.

Frekhaug, 27. mai 2015



Jon Askeland
Leiar i forhandlingsutvalet
Regionrådet Nordhordland

Bent Gunnar Næss
Prosjektleiar
Nordhordland Utviklingsselskap IKS